

Fiskeridirektoratet  
postmottak@fiskeridir.no

**HØYRINGSVAR**  
**FORSLAG TIL UTREDNINGSPROGRAM FOR OFFENTLEG**  
**OVERORDNA KONSEKVENSVURDERING AV HAVBRUK TIL HAVS**

Pelagisk Forening viser til høyringsbrev av 12.4.23.

Pelagisk Forening vil først påpeika at Fiskeridirektoratet ikkje har sendt høyringa til oss. Pelagisk Forening er ein vel etablert fiskeriorganisasjon, og burde vore kjent for Seksjon akvakulturtildeling i Fiskeridirektoratet.

Pelagisk Forening meiner at koordinatane, for dei tre enkelte områda, burde vore opplyst i høyringsnotatet.

I høyringsbrevet pkt. står det at «Identifiser andre nærings- og arealinteresser og vurder konfliktnivå mot disse.»

Problema med havbruk er både negative biologiske påverknadar på livet i havet, og bandlegging av areal.

Det er korkje mogeleg, eller lovleg, å fiska i nærleiken av oppdrettsanlegg. Det same vil gjelda for oppdrettsanlegg til havs. Det er såleis ikkje mogeleg med sameksistens, med fiskerinæringa, der det er oppdrettsanlegg.

Pga. større djupna enn ved anlegg nær land/ i fjordar vil fortøyningane måtte vera i større avstand frå anlegga. Det vil gjera fiskeri umogeleg i store område.

I høyringsnotatet blir høyringsinstansane bede om å «Vurder muligheter for sambruk og sameksistens med andre nærings- og arealinteresser. Synliggjør potensielle synergier. Som eksempel mulighet for felles beredskap for personell og uønsket utslip til omgivelsene, logistikk, og arealeffektiv bruk av havområder.»

Pelagisk Foreining ser sjølvsagt at fleire båtar i eit område kan vera positivt i eventuelle naudsituasjonar. Utover det ser ikkje Pelagisk Forening nokon positive synergiar mellom havbruk til havs og fiskerinæringa.

Pelagisk Forening er negative til havbruk på Trænabanken.

Trænabanken har vore eit svært viktig område, for norske fiskarar, i mannsaldarar. Som direktoratet sjølv skriv, «store fangstmengder tas i området». Som direktoratet òg skriv, så er det fordi det er stor grad pelagisk fiske etter sild i området.

Direktoratet skriv òg det er «lite aktivitet, men store fangstmengder som tas i området.» At dei store fiskemengdene blir fiska i ein kort, og intens, periode endrar ikkje skadane dersom fiskarane blir fortrengt frå området.

«Sameksistens» mellom fiskeri, og botnfaste installasjonar er altså ikkje mogeleg.

Pelagisk Forening har medlemmar som er òg negative til havbruk i området Norskerenna sør. Som nemnt over er det ikkje mogeleg å fiska der det er havbruk, eller i tryggleikssonene til havbruksanlegg. Sameksistens er difor ikkje mogeleg. Pelagisk Forening er difor òg negative til havbruk i området Norskerenna Sør.

Til sist vil Pelagisk Forening nemna at det er eit paradoks å fortrenga miljøvennleg, rimeleg og berekraftig fiskeri frå eit område, for å bruka området til havbruk.

Bergen: 24.5.23

Pelagisk Forening/  
Pelagisk Servicekontor AS

Ask Økland  
Advokat

Mariann Frantsen  
Dagleg leiar